

# Lys Vaken i Sæbø kyrkje

**Hei!**

**Har du nokon gong overnatta i kyrkja?**

**No har du sjansen. Bli med på LysVaken!**

Vi skal blant anna leike, bli kjende med kvarandre, lære meir om kyrkja, og ha juleverkstad. Vi får ein hemmeleg gjest, vi skal ete god mat og sist, men ikkje minst, sove i kyrkja.

Overnattinga er frå laurdag, 2. til søndag 3. desember i Sæbø kyrkje. Vi begynner laurdag kl. 17.00. På søndag et vi frukost saman, før vi førebur oss til gudsteneste kl. 11.00. Der er også foreldre og søsken hjarteleg velkomne til å bli med.

Snakk med dei vaksne i huset og be dei melde deg på **innan 20. november**.

Du melder deg på ved å gå inn på [www.kyrkja.no/radoy/lysvaken](http://www.kyrkja.no/radoy/lysvaken)

Du kan og melde deg på ved å ringe kyrkjekontoret, tlf. 56 34 98 40.

For å gjennomføre Lys Vaken er vi avhengige av hjelp frå foreldra og vi håpar at de kan hjelpe til med praktiske ting. Vi treng hjelp til å bake på forhånd (bollar, pizza eller kake), vere med å servere pizza i ungdomshuset, og vere nattevakt i kyrkja. Foreldre som kan bidra med dette melder frå ved påmelding.

Det du treng å ha med deg, får du vite i eit nytt brev!  
Opplegget vert dekkja av soknerådet og er heilt gratis for deg.  
Ta gjerne kontakt om du har spørsmål!

**Vi gler oss til å sjå deg på Lys Vaken!**


Med venleg helsing,

Marta Hvidsten, Wilco Vogelaar og Thor Sommerseth (prest)



**DEN NORSKE KYRKJA**

Radøy sokn



**STØRST AV ALT**

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA